

# FOTBALLKVELD FOR ALLE

Mange frammøtte i Oshaugane fredag 3. juli

**Skodda låg langt ned i fjella, og det var både vind og lett regn timen i førevegen, men det sette ingen stoppar for ein kjekk fotballkveld då ungt og eldre i skjøn foreining møttest til fotballmoro på idrettsbana første fredagskvelden i juli.**

Tvert i mot var det ein behageleg temperatur både for dei som spelte og dei som berre ville sjå på og slå av ein prat med einkvan.

Då den lette brisen gav seg, leitte sjølvstakt dei irriterande små fram og ville helse på alle og einkvar.

Dei som ville vere med på turneringa, var som fylgjer, og fordelte seg slik:

**“Bøndene”:** Kjetil Skare Longva, Kristian Helland Skare, Elias Grande Strømsnes, Tor Erland Eltvik, Kenneth Østlund.

**“Fløddå”:** Markus Ristesund Støylen, Martin Myklebust, Sivert Grande Strømsnes, Sondre Voksøy Bringsvor, Juliane Voksøy Bringsvor.

**“Resten”:** Bjørn Thore Hansen, Svein Helge Bringsvor, Anders Bringsvor, Thomas Voksøy Bringsvor, Eirik Voksøy Bringsvor, Marius Bringsvor Rusten, Sigurd Austnes Helland, Ivar Mork Vorren.

Laga vart samde om å spele kampar med to omgangar à åtte minutt.

## Og slik vart resultatata:

Bøndene	- Fløddå	4-1
Fløddå	- Resten	2-2
Resten	- Bøndene	0-2

## Noko som gav fylgjande tabell:

#	Lag	KS	S	U	T	MF	P
1	Bøndene	2	2	0	0	+5	6
2	Resten	2	0	1	1	-2	1
3	Fløddå	2	0	1	1	-3	1

## Målscoreoversikta vart slik:

#	Namn	Mål
1	Kristian Helland Skare	2
	Juliane Voksøy Bringsvor	2
2	Kjetil Skare Longva	1
	Tor Erland Eltvik	1
	Eirik Voksøy Bringsvor	1
	Sivert Grande Strømsnes	1
	Thomas Voksøy Bringsvor	1
	Elias Grande Strømsnes	1
	Kenneth Østlund	1

**Gledeleg var det** at ein gjeng tenåringsjenter kom undervegs i turneringa, og ytra ønskje om å få spele ein kamp. Dei kravde rett nok at motstandaren var “Fløddå”. Grunnen er uviss.

Uansett vart dette eit flott supplement til den elles manns- og gutedominerte fotballen.

**Sjòlv om** toppscorartittelen delvis gjekk til den einaste jenta på “gutelaga”.

Heilt til slutt var det endeleg den yngste garden sin tur til å entre bana. Det var tydeleg å sjå at alle hadde det artig. Kampen enda, i resultatuviktigheita sitt namn, sjølvstakt uavgjort 2-2...

**Totalt var det 29 spelarar** i aksjon i løpet av kvelden. Det må kunne seiast å vere særst bra.

I tillegg var det bortimot like mange som hadde teke turen for å sjå på.

Etter at fotballkvelden var slutt, vart det umiddelbart stilt spørsmål frå nokre av dei yngste om kva tid det skal vere eit slik arrangement igjen. Det er suksessprov nok...